



Då Lina Håland song 5 songar på helselagsfesten, var ein av Bob Dylan. Her saman med Elli Nielsson på gitar.

Mange kvinnheringar har hatt stor glede av å høyra soknepresten vår, Lina Håland som den dugande songaren ho er. Ho beherskar ulike sjangrar, og dei som var på jubileumsfesten i helselaget fekk høyra ei flott framføring av ein av Bob Dylan sine songar. Onsdag kveld var ho engasjert til å opptre saman med andre dyktige musikarar på Bob Dylan-kveld på Stord.

Bladet Sunnhordland har brei dekning av ein Bob Dylan-kveld i Stord kyrkje der Lina prest song kristne songar av Nobelpris-vinnaren i litteratur 2016 saman med musikarane Frode Hammersland, Svern Liodden og Endre Olsen. 117 personar løyste billett til denne temakvelden.

De kan lesa kva bladet Sunnhordland skreiv om kvelden ved å klikka [HER](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland